



F.v. Hanne Kari Wedøe Bakke, HLB, Åse Ingebjørg Flateland, HLB, Vivi-Ann Sandnes Eggum, HiL, Lisbeth Rustad, HiL og Julia Marie Hamre, HiL forbereder seminarene sine. Foto: Dag Jørund Lønning

## Forskarar: - Lokalmiljø og positivt engasjement viktig for vellukka innovasjon i Bygde-Noreg

Eit forskingsprosjekt slår fast at miljøfaktoren er undervurdert for vellukka nyetableringar i Distrikts-Noreg.



Sindre Haugen Mehl  
sindre.mehl@nationen.no

Publisert: 11.09.2012 15:08

Tysdag blei ei nasjonal pilotsatsing om nyskaping på bygda avslutta med eit sluttseminar i Egersund.

Les også: [Forskarar: Utkant-Noreg kan lykkast med tilflytting](#)

Forskarar og studentar frå Høgskulen for landbruk og bygdenæringar (HLB) og Høgskolen i Lillehammer (HiL) la fram artikkel- og prosjektarbeid som har blitt gjort dei to siste åra. Rektor Dag Jørund Lønning ved HLB meiner arbeidet er banebrytande.

Les også: [Skattefritak for bygdeutvikling](#)

- Prosjektet har handla om kva som skal til for å lykkast på bygda. Studentar og forskarar har ved ulike metodar definert kvifor nokre lykkast og andre ikkje, seier han.

### Viktig med samspel

Lønning seier det som kjenneteiknar vellukka etableringar i Bygde-Noreg er eit godt samspel mellom nyskaparar og lokalmiljøet.

- Du må kome til eit miljø som lar deg få lov til å prøve og feile. Det er avgjerande at personar som brenn for ein idé møter omgjevnader som tykkjer initiativet er positivt, seier han.

Les også: [12 prosent vekst i nyetablering av bedrifter](#)

Lønning trekk fram Voss som ein stad der positiv innverknad frå lokalmiljøet har gitt resultat.


- Me har vore der og sett korleis idrettsutøvarar frå ei lita bygd har skaffa over OL- og VM-medaljar. Dei sosiale faktorane som ligg til grunn på stader med positiv utvikling, kan hjelpe oss å finne ut kva som manglar på stader der det ikkje skjer noko, seier han.

### Engasjement

Bachelorstudent Gunhild Lovise Maudal ved HLB har vore med på prosjektet. Ho seier engasjement er ein viktig faktor for å lykkast.

- Det går ikkje å styre. Kommunar kan ikkje berre bestemme at dei skal få masse nyskaping. Ein må ta fatt i grasrota, slik at det blir ekte og ikkje konstruert, seier ho.

Lønning seier det er for mange kommunar og samfunn som er for opptekne av problem.



Dag Jørund Lønning, rektor ved Høgskulen for landbruk og bygdeutvikling (HLB), seier lokalmiljøet må stå fram for at eit nyskappingsprosjekt skal lykkast. Foto: Privat

Kart

1 av 2

- Mange har nyskaping med i planar og snakkar mykje om etablering, men ofte blir det med praten, seier han.

### Skal motivere andre

Programmet «Med grunderblikk på bygderessursar» blei leia av HLB, og Innovasjon Norge løvde 1,7 millionar kroner til prosjektet.

Formålet med pilotsatsinga er å motivere studentar til å bli entreprenørar og nyskaparar i Distrikts-Noreg. Lønning seier studentane har fått vore ute og gjort feltarbeid i undersøkingane.

- Utfordringa til heile academia er distansen til det me jobbar med. Me har vore ute og teke opp mange ulike tema og møtt utfordringane der dei er. Studentane er nøgde med det, og eg håper det vil gi effekt, seier han.

Framover skal artiklane skrivast ferdig og publisertast.

- Då blir kunnskapen tilgjengeleg, slik at andre kan dra nytte av det me har funne ut, seier Lønning.



Google  
Map data ©2012 Google